



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3937 - 14/15611

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
14.10.2014

## Mangel- Søknad om oppføring av einebustad på gbnr 25/35 på Fosse

Meland kommune har gått i gjennom Dykkar søknad om oppføring av einebustad på Gbnr 25/35 på Fosse og ser at søknaden er mangelfull. Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert innsendt:

- Det er søkt om ansvarsrett for Bolig & Eiendom for prosjekterande arkitektur, prosjekterande og utførande på tømrararbeid, våtrom, pipe og ventilasjon. Det er opplyst i søknaden at firma er dekket av sentralgodkjenning. Vi ser at den gjekk ut 26.09.2014. Meland kommune ber om at ansvarleg søkjar sender inn ny søknad om ansvarsrett for ansvarsområde samt endring av søknad. Dersom Bolig & Eiendom vil søkja om lokal godkjenning for ansvarsområde må kommunen få inn naudsynt dokumentasjon på det.
- Administrasjonen viser til UDU sak 0125/12: Godkjenning – Frådeling av ein bustadparsell på Fosse, gnr 25 bnr 35. Administrasjonen har ingen innvendingar mot utvida bruk av eksisterande avkjørsle til kommunal veg. Forutsatt at dei alminnelege krava til utforming av avkjørsle etter «Forskrift om avkjørsler fra offentlig veg» er oppfylt.

Administrasjonen ber om at det vert sendt inn situasjonskart, som minimum viser at krav til siktsoner og svingradius vert oppfylt.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter plan- og bygningslova § 20-1 er gjeve. Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil søknaden verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN